

Design Region Bergen
Strandgaten 6
5013 BERGENDato: 26.02.2014
Dykkar ref.:
Vår ref.: 2014/12606-3

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014

Avslag på tilskot til Raff Designuke 2014

Søknadsnummer: 2014-0010

Vi viser til dykkar søknad om tilskot til ovannemnde prosjekt. Vi må diverre melde avslag på søknaden om økonomisk støtte. Vurdert i høve til andre prosjektsøknader og tilgjengelege midlar, er vi kome til at vi ikkje kan vere med på å finansiere prosjektet. I høve avkortinga av Regionale utviklingsmidlar vert prosjekt som i stor grad medverkar til å nå måla i Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 og Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014 prioritert.

Klage / innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de fekk melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til;

Hordaland fylkeskommune

Regionalavdelinga,

Postboks 7900, 5020 Bergen

Eller på e-post til Regional@hfk.no

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga på, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Vi vonar at prosjektet kan realiserast utan vår medverknad og ønskjer dykk lukke til vidare!

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er;

Jostein Farestveit

E-post: Jostein.Farestveit@hfk.no

Telefon: 55239347

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør Regional utviklingMette Nora Sætre
Næringsssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.